# Aktivitetsplan 2008 - 09

| Dato | Arrangement | Komite |
|---|---|---|
| 18. - 20. april | Øvingshelg | Styret |
| 19. april | Park-konsert Måløy | Styret |
| 6.-8. juni | TPM helg | Styret/ komite |
| 1. - 4. august | Tall Ship-speling | Styret |
| 26. - 28. sept | Øvingshelg | |
| 26. oktober | Basar | |
| 21. desember | Julekonsert | TPM arrangerer |
| 28. desember | Juletrefest | |
| Vår - 2009 | Langtur utenlands | Styret/ komite |

**Sjekk den jakka:** Her er Torskangerpoll sitt svar på Moods of Norway. I løpet av nokre få minutt på scena i Grieghallen vart denne jakka oppdaga, og vekte internasjonal interesse. Etter store Oscar-utdelingar er det alltid antrekket som er diskusjonstema. Etter premie-utdelinga i Grieghallen var det John Inge si jakke som var samtale-emne verda over. NM-Jakka er kjøpt på Spar Kjøp i Førde. Den var prisa til 25 kroner, men John Inge fekk pruta den ned i 20 kroner. John Inge som var 35 år på denne dagen i Bergen, var aldri i tvil om at han skulle bruke denne jakka denne festkvelden.
Og her er jakka.



DOMSTEIN NORSK TIPPING Canon Nordea

## På kryss og tvers med VG

**Prøv VG-kryss**

**Loddrett:**
1. Ikke sitte
2. Forsiktig
3. Hedre
4. Nyvasket

**Vannrett:**
1. Diger
5. Tang og…
6. Roredskapet

| | 1 | 2 | 3 | 4 |
|---|---|---|---|---|
| 1 | | | | |
| 5 | | | | |
| 6 | | | | |



NM-mester-2008
Vredens Gnag
TORSKANGERPOLL MUSIKKLAG
Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag
Nr. 3 15. årgang Laussal: Gratis mars 2008

# Rekordbesøk på nett




**Aldri før har det vore så stor interesse rundt Torskangerpoll Musikklag. Det viser besøket på nettsidene våre, torskangerpoll.no.**
Første veka etter NM hadde sidene over 5.000 besøk. Eterpå har besøket stabilisert seg mellom 2- og 3.000 besøk i veka. - Enormt positivt, seier leiar Johan Wåge. Han trur gode nyheter, og ikkje minst den nye gjesteboka er forklaringa på den store interessa. - Det er berre å bruke gjestboka. Den kan vere eit levande medium som alle kan ha glede av. Kanskje har John-Inge-jakka vore eit morosamt tema etter NM-suksessen. Sjå bilder av jakka på sistesida.

**www.torskangerpoll.no**




Etter årsmøtet tirsdag 11. mars er det desse som styrer NM-mesterkorpset det kommande året.
Det vart eit godt årsmøte der det svært så aktive året 2007 vart oppsummert som eit særs vellukka år.

Leiar: Johan Wåge
Styremedlem: Roar Ståle Vedvik
Styremedlem: Ingunn Kvalheim
Styremedlem: Reidun Øksdal
Styremedlem: Tove Nerland
1. varamedlem: Stine Kråkenes
2. varamedlem: John Svarstad
Dirigent: Lisbeth Våge
Uniformsforvaltar: Eli Refvik
Husansvarleg: Harald Oppedal, Arne Øvrelid, Tor Åge Gravdal
Instrumentforvaltar: Terje Våge
Noteforvaltar: Harald Oppedal
Revisorer: Kåre Våge, Marianne Lund
Noteutval: Dirigent, Ola Refseth, Anne Mari Knotten, Johanne Velle, John Inge Våge
Valnemnd: Bjarte Færestrand, Sølvi Loen, Laila Mykland
Bordforvaltar: Arne Øvrelid

**Har fått tildelt meisterskap:** Torskangerpoll Musikklag har fått ja på søknad om å få arrangere Sogn og Fjordane Meisterskapen for amatørkorps i 2008 som skal vere laurdag 15. november. I tilfelle Torskangerpoll bestemmer seg for å arrangere meisterskapen, så blir den i Samfunnshallen. - Vi får ta ei runde før vi bestemmer oss, seier leiar Johan Wåge. Vi har arrangert slikt meisterskap to gonger tidlegare, og har fått mykje skryt for gjennomføringa begge gongane.

**Bli medlem:** Saman med VG blir krav om medlemspengar for 2008 sendt ut. Det gjeld både for aktive, skuleelevar og for dei som vil abonnere på Vredens Gnag. Dei som vil ha denne avisa i postkassa i 2008 må betale inn 120 kroner. Samstundes støttar du arbeidet korpset gjer for å glede for å skape glede og trivsel.



## Med på Tall Ship-cd

Torskangerpoll Musikklag er med på den offesielle CD-en som er laga i samband med The Tall Ship`s Race i sommar. Vi har eit utdrag av Kaleidoscope med på plata der andre lokale musikarar også er med. Blaf, som består av musikarar i Torskangerpoll er også med.

## Klipp frå gjesteboka

**Knut Mikkelsen**
Grattis med 1.plassen i 4.divisjon.
**Rasmus:**
Har nettopp hørt opptaket fra Grieghallen, etter at eg kom ut av sykehuset. GRATULERER ER MEKTIG IMPONERT!
**Oddgeir Øren:**
Eg er overgitt, misunneleg på dykk og himla kry over å kjenne mange i korpset dykkar. Gratulerar så meget og masse. Eindel av oss snakkast i Ørsta.
**Nikken Juff**:
HÆS for en jeng..:-)Håpe vi som skal ut å fly til høsten får komme så ofte vi kan å spele me dokke: Love yah all, + mamma
**Helga Didrikke Sundal:**
Gratulerer med flott innsats og NM-siger nr 2!!! Det var kjekt å høyre på dokke! Neste år får de gleda av to frikveldar på NM :-)
Otto Søvig:
Gratulere med siger og 96p i 4.- div. Kjempekjekt med gode korps frå Sogn og Fjordane.
**Silje Bergh Eide:**
Eg gler meg so mykje te å gjenoppleve ditta fleire gonga me Laja!? Blir trist å reise frå tirsdagane neste år når eg ska på Manger, men e forberedt på å komme heim kvar øvingshelg! :D Skikkeli bra innsats folk! Kunnikje vore stoltare av å spele i Torskangerpoll Musikklag! Masse Laja-love!?
**Marita ++:**
Eg vil på vegne av dei nye medlemmane i Unge Kule få takke alle sammen for ei fantastisk opplevelse i bergen! De va heilt utruli å få være me på nokke sånt!:D Vi har ikkje angra eit sekund på at vi blei me dokke, e de nokke vi kanskje angra på so e de at vi ikkje har bjynt tidligare!:) utruli kjekt å få være ein del av TPoll musikklag:) at vi fekk 1 plassen og vart norgesmestera va bare ein gigantisk bonus, vi har hatt ein opplevelse vi seint vil glømme:) tusen takk alle sammen for at dokke har tatt so godt vare på oss:)
**Sølvi `m fleire**
Vi er kjempeheldige som har så kjekke og flotte støttespllera. Tusen takk til Rune og Inger, Per og Merete og sjølvsagt Lasse.Deilige kaker, kaffe og brus.
**Joakim Silden:**
Gratulerer med fantastisk prestasjon!
**Barytonist Reidunn**
Eg som fersking går henn å bli norgesmester...ikj værst, e egentlig fryktelig stoldt av meg...og so Eli selvfølgelig. hadde ikj klart meg uten deg,..og so alle hine og . Kjempe gjeng. Luraste eg har gjort å begynne å blåse m dokke.. takk t Terje der...Takk allje ihop. Klem
**Roger Silden:**
Gratulerer med GULL. En fantastisk prestasjon. R. Silden Vågsøy Kommune
**Torskangerpoll Idar**
Gratulerer. Supert resultat, velfortjent!
**Øyvind Storheim**
Gratulerer med glimrende NM-comeback.
**Eirik Færestrand**
Det er ei lita bygd i vest, der kor NM blei en fest! Kan du gjette kor det er, uti T-poll ja det er! Gratulerer so mykje til dåkke alle. Alvorlig bra. Trur ikkje det hadde blitt beire sjøl om eg hadde vore med på triangel!
**Eli Refvik:**
Jajajajaja! det har vert ei kjempe helg.
**Rune Færestrand:**
Gratulerer så mye, dette var virkelig bra.
**Eirik Gjerdevik:**
Tusen takk for kjempeinnsats i helga!!!!!!!! Veldig stolt over dåke. Gleder meg til forsettelsen :) "Pollane" mine er harde som stål.
**Thomas Wåge:**
jajajajajajajajajajajajajajajajajajaja!!
**Ola Refseth**
åjjåjjåjjåjjåjjåjjåjjåjjåjjåjjåjjåjjåjjåjjåjjåjj!!